

Endeleg
eigen dunk
for glas
og metall



Neste år deler ÅRIM ut dunk for glas- og metallemballasje til alle i Ålesund. Meir sortert avfall gir fleire gjenvunne produkt. Dette er bra for miljøet. Du får også ein eigen boks for miljøfarleg avfall.

Les om det nye tilbodet.



Emballasje av glas og metall er som skapt for gjenvinning

Visste du at 760 aluminiumsbokser kan bli til ein ny sykkel?

Alt du sorterer blir til noko nytt!



Lettare å sortere meir

Når du sorterer, får vi utnytta ressursane i avfallet. Glasemballasjen du sorterer blir til nytt glas og isolasjon. Metallemballasjen blir til spikar, sykklar og andre metall-gjenstandar. Det krev faktisk berre fem prosent av energien å lage noko av gjenvunne aluminium, samanlikna med å lage produkt av ny aluminium. Dette nyttar.

Når får du utstyret?

Neste år deler ÅRIM ut ein dunk for glas- og metallemballasje og ein raud boks for miljøfarleg avfall til alle i Ålesund kommune. Vi startar i indre del av kommunen om vinteren, og blir ferdige i ytre del, utpå hausten. **Renovasjonskalenderen for 2019** viser når du har di første henting av glas- og metallemballasje. Du får utstyret nokre veker i forkant av dette. Den raude boksen tek du med til Bingsa når det passar for deg.



Sorter alt – alltid

Den orange dunken er for emballasje som er laga av glas eller metall, og som har hatt mat, drikke eller andre produkt i seg.



JA TAKK:

- Aluminiumsbeger – og folie
- Glasflasker utan pant
- Plastbeger og -folie
- Drikkeboksar av metall utan pant
- Hermetikkboksar
- Sylteglas
- Sølvpapir
- Metallkorkar og -lokk
- Telys (ta ut metallbiten i botnen)

NEI TAKK:

Gjenstandar som ikkje er emballasje, for eksempel:

- Porselen
- Keramikk
- Drikkeglas
- Steikepanner
- Bestikk
- Bildelar

Dette og emballasje for miljøfarleg avfall skal til ein av ÅRIM sine bemanna miljøstasjonar.

Vi kan gjenvinne glas og metall i det uendelege!

Fellesløysingar

Vil du samarbeide med naboen?

God ide! Om fleire naboar går saman, kan de dele felles utstyr. Dette gir eit meir estetisk uteområde, og med færre stopp blir det mindre trafikk i nærområdet ditt. Denne type løysingar er svært positive for miljøet. Vi har løysingar for både små og store samarbeid. Snakk med naboane og ta kontakt med oss, så kjem vi med forslag til korleis de kan gå fram.

ÅRIM har ulike typar dunkar. Store dunkar eignar seg godt for mindre samarbeid.



140L

H: 106 x B: 46 x D: 54,5



240 liter

H: 106 x B: 57,7 x D: 72



360 liter

H: 108 x B: 58 x D: 87,5



660 liter

H: 119 x B: 136 X D: 78

I samarbeid med fleire enn 25 husstandar kan bakkekonteinarar vere ei god løysing.



Spør oss
om mål og
volum



Ta kontakt med oss
og få råd!



Avfallsbrønner for større samarbeid.

Bilde fra Mostein-bygg i Fremmerholen.

Snart får du
denne smarte boksen
for miljøfarleg
avfall



BRUK MEG

Lever alt farleg avfall og småelektronikk til trygg behandling.



Orim
02 70 00 00 | orim.no

HUGS

- 1 All miljøfarleg avfall og småelektronikk i originalemballasje.
- 2 Vegg- & lampekontaktar fjalt.
- 3 Skjerm med stasjon i bakken, strømforsyning eller batteri og alle farlege stoff.
- 4 Forverket og andre skarpe stål fjalt i bakken.



Ditt miljøfarlege avfall

Mange av produkta du bruker i det daglege inneheld miljøfarlege stoff. Dette kan for eksempel vere elektriske artiklar som har slutta å virke, eller middel du bruker på vaskerommet, i garasjen eller til vedlikehald. Miljøfarleg avfall kan gjere skade på menneske, dyr eller miljø om det kjem på feil plass.

Mengdene farleg avfall er meir enn fordobla dei siste tjue åra. Difor er det viktig at avfallet blir sortert ut og levert til oss for trygg behandling. No får du ein eigen raud boks til å lagre dette avfallet i. Boksen er meint som ein påminnar, slik at du har ein stad for batteri, lyspærer, småelektronikk, kjemikaliar, måling og anna miljøfarleg avfall. Du leverer boksen til Bingsa eller ein annan bemanna miljøstasjon. Vi har også eigne innsamlingar for miljøfarleg avfall. Sjå i kalenderen.



Hugs å tape litiumbatteri.

Lagring i boksen

Alt miljøfarleg avfall må vere i lukka og merka emballasje. Fyrverkeri og andre eksplosiv skal ikkje i boksen, det samme gjeld stålull som kan reagere med batteri. Boksen har barnesikring på lokket, noko som gjer det lettare å lagre denne type avfall på ein trygg måte.

Kva med matavfallet?

Etter ønske frå kommunen ventar ÅRIM med å dele ut matavfallsdunkar i Ålesund. Dunkar for matavfall kjem seinare, men tidspunktet er ikkje bestemt. Planlegg for at du får ein ekstra dunk etter kvart.



Last ned Min Renovasjon

Vår nye app varslar om når avfallet ditt blir henta. Slik blir det enkelt å setje fram riktig dunk til riktig tid. Varslings-tenesta er gratis. Du finn app-en i App Store og Google Play.



Har du spørsmål eller
tilbakemeldingar?

Besøk oss gjerne på Moa i Daaegården,
nær busstasjonen og Moa.

Kontakt:
70 31 41 00 post@arim.no
Miljøelskapet ÅRIM på Facebook



La oss gjenvinne meir

arim.no